

RÅDSDIREKTIV 96/59/EF

av 16. september 1996

om disponering av polyklorerte bifenylyl og polyklorerte terfenylyl (PCB og PCT)(*)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 130 S nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegn frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 189 C i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ved rådsdirektiv 76/403/EØF av 6. april 1976 om håndtering av polyklorerte bifenylyl og polyklorerte trifenylyl⁽⁴⁾ vart det gjort ei tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane på dette området. Disse reglane har likevel synt seg å vere utilstrekkelege, og på det noverande utviklingssteget i teknikken er det mogleg å betre vilkåra for disponering av PCB. Det førnemnde direktivet bør difor bytast ut med eit nytt direktiv.
- 2) I rådsdirektiv 76/769/EØF av 27. juli 1976 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om begrensning av markedsføring og bruk av visse farlege stoffer og preparater⁽⁵⁾ vert det streka under at heile problemet jamleg må vurderast på nytt med sikte på gradvis å nå fram til eit totalforbod mot PCB og PCT.
- 3) Eit av måla i rådsresolusjon av 7. mai 1990 om avfallspolitikk⁽⁶⁾ er sikker disponering av avfall som ikkje kan attvinnast eller nyttast om att, og dette vart stadfesta i

det femte handlingsprogrammet for miljø og berekraftig utvikling; den allmenne tilnærmingsmåten og strategien i programmet vart godkjende av Rådet og representantane for regjeringane i medlemsstatane samla i Rådet i resolusjonen deira av 1. februar 1993⁽⁷⁾.

- 4) I samsvar med rådsdirektiv 75/442/EØF av 15. juli 1975 om avfall⁽⁸⁾ må det gjerast høvelege tiltak for å unngå dumping, utslepp og ukontrollert disponering av avfall og bruk av prosessar eller metodar som kan vere skadelege for miljøet.
- 5) På grunn av dei farane som PCB utgjer for miljøet og menneskehelsa, må det innførast allmenne reglar for kontrollert disponering av PCB og dekontaminering eller disponering av utstyr.
- 6) Desse tiltaka bør gjerast så snart som råd er, utan at dei rører ved dei internasjonale pliktene som medlemsstatane har teke på seg, særleg pliktene etter PARCOM-vedtak 92/3⁽⁹⁾. PCB som skal først opp i ei liste, må vere disponerte seinast ved utgangen av 2010.
- 7) Disponering av PCB er eit forbigåande og mellombels problem, og nokre medlemsstatar som ikkje har kapasitet til å disponere PCB, står overfor ein force majeure-situasjon. Nærleiksprinsippet bør tolkast på ein smidig måte, slik at det opnar for europeisk solidaritet på dette området. Dessutan bør det skipast anlegg i Fellesskapet for disponering, dekontaminering og lagring av PCB.
- 8) I rådsdirektiv 75/439/EØF av 16. juni 1975 om håndtering av spillolje⁽¹⁰⁾ er det fastsett ei maksimumsgrense på 50 ppm for PCB- og PCT-innhaldet i regnererte oljer eller oljer som vert nytta som brensel.
- 9) Ved rådsdirektiv 91/339/EØF av 18. juni 1991 om ellefte endring av direktiv 76/769/EØF⁽¹¹⁾ vart marknadsføringa av visse avløyingsstoff for PCB forboden eller avgrensa, og difor bør desse stoffa òg disponerast fullstendig.

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 243 av 24.9.1996, s. 31, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 28/97 av 30. april 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. C 319 av 12.12.1988, s. 57, og TEF nr. C 299 av 20.11.1991, s. 9.

(2) TEF nr. C 139 av 5.6.1989, s. 1.

(3) Europaparlamentsfråsegn av 17. mai 1990 (TEF nr. C 149 av 18.6.1990, s. 150) og 12. desember 1990 (TEF nr. C 19 av 28.1.1991, s. 83), felles haldning frå Rådet av 27. november 1995 (TEF nr. C 87 av 25.3.1996, s. 1) og europaparlamentsavgjerd av 22. mai 1996 (TEF nr. C 166 av 10.6.1996, s. 76).

(4) TEF nr. L 108 av 26.4.1976, s. 41.

(5) TEF nr. L 262 av 27.9.1976, s. 201. Direktivet sist endra ved direktiv 94/60/EF (TEF nr. L 365 av 31.12.1994, s. 1).

(6) TEF nr. C 122 av 18.5.1990, s. 2.

(7) TEF nr. C 138 av 17.5.1993, s. 1.

(8) TEF nr. L 194 av 25.7.1975, s. 39. Direktivet sist endra ved kommisjonsvedtak 94/3/EF (TEF nr. L 5 av 7.1.1994, s. 15).

(9) Ministermøte i Oslo- og Pariskommisjonen 21. og 22. september 1992.

(10) TEF nr. L 194 av 25.7.1975, s. 23. Direktivet sist endra ved direktiv 91/692/EØF (TEF nr. L 377 av 31.12.1991, s. 48).

(11) TEF nr. L 186 av 12.7.1991, s. 64.

- 10) For å kunne avpasse kapasiteten for disponering av PCB etter etterspurnaden, er det naudsynt å vite kor store mengder PCB som finst, og difor er det viktig å merkje utstyr som inneheld PCB, og å utarbeide lister over slikt utstyr. Listene bør ajourførast jamleg.
- 11) Av omsyn til kostnadene og dei tekniske vanskane i samband med ei liste over utstyr som er svakt ureina av PCB, bør det for slikt utstyr nyttast ei forenkla liste. Dessutan bør utstyr som er svakt ureina av PCB, kunne disponerast når levetida til utstyret er slutt, ettersom slikt utstyr er til liten fare for miljøet.
- 12) Ettersom det er forbode å marknadsføre PCB, bør det òg vere forbode å skilje ut PCB frå andre stoff med sikte på ombruk og å etterfylle PCB på transformatorar. Av omsyn til tryggleiken kan vedlikehaldet av transformatorar likevel halde fram med sikte på å halde ved lag den dielektriske kvaliteten til PCB som dei inneheld.
- 13) Føretak som utfører disponering og/eller dekontaminering av PCB, må ha løyve til dette.
- 14) Det må fastsetjast vilkår for dekontaminering av utstyr som inneheld PCB, og det bør vedtakast reglar for særskilt merking av slikt utstyr.
- 15) Visse tekniske oppgåver som er naudsynte for gjennomføringa av dette direktivet, bør Kommisjonen vareta etter utvalsframgangsmåten i artikkel 18 i direktiv 75/442/EØF.
- 16) Ettersom anlegga for disponering og dekontaminering av PCB er få og har ein avgrensa kapasitet, må disponeringa og/eller dekontamineringa av PCB som er oppførde i ei liste, planleggjast nøye. Det bør òg utarbeidast retningslinjer for innsamling og etterfølgjande disponering av utstyr som ikkje er oppført i ei liste. Om naudsynt kan slike retningslinjer byggje på eksisterande ordningar for avfall i det store og heile og treng ikkje ta omsyn til svært små mengder PCB som ikkje kan påvisast i praksis -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Føremålet med dette direktivet er tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om kontrollert disponering av PCB, dekontaminering eller disponering av utstyr som inneheld PCB, og/eller disponering av PCB-avfall med sikte på ei fullstendig disponering av PCB på grunnlag av føresegnene i dette direktivet.

Artikkel 2

I dette direktivet tyder

- a) «PCB»,
- polyklorerte bifenylyl,
 - polyklorerte terfenylyl,
 - monometyltetraklordifenylmetan, monometyldiklordifenylmetan, monometyldibromdifenylmetan,
 - alle blandingar som har eit samla innhald på over 0,005 vektprosent av dei førnemnde stoffa,
- b) «utstyr som inneheld PCB», alt utstyr som inneheld eller har innehalde PCB (t.d. transformatorar, kondensatorar eller romfang som inneheld restmengder), og som ikkje er dekontaminert. Utstyr som er av ein slik type at det kan innehalde PCB, skal handsamast som om det inneheld PCB, med mindre det er god grunn til å gå ut frå at det ikkje gjer det,
- c) «PCB-avfall», PCB som er avfall i medhald av direktiv 75/442/EØF,
- d) «innehavar», den fysiske eller juridiske personen som rår over PCB, PCB-avfall og/eller utstyr som inneheld PCB,
- e) «dekontaminering», alle operasjonar som gjer det mogleg å nytte om att, attvinne eller disponere PCB-ureina utstyr, føremål, materiale eller væsker under trygge tilhøve, og som kan omfatte utskifting, dvs. alle operasjonar der PCB vert bytte ut med eigna væsker som ikkje inneheld PCB,
- f) «disponering», disponeringsform D8, D9, D10, D12 (berre ved sikker og djup lagring under jorda i tørre fjellformasjonar og berre for utstyr som inneheld PCB, og for PCB-avfall som ikkje kan dekontaminerast) og D 15 i medhald av vedlegg II A til direktiv 75/442/EØF.

Artikkel 3

Utan at det rører ved dei internasjonale pliktene som dei har teke på seg, skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for snarast mogleg å sikre at PCB-avfall vert disponert, og at PCB og utstyr som inneheld PCB, vert dekontaminerte eller disponerte. Når det gjeld utstyr og PCB-innhaldet i det som skal førast opp i ei liste i samsvar med artikkel 4 nr. 1, skal dekontamineringa og/eller disponeringa gjennomførast seinast ved utgangen av 2010.

Artikkel 4

1. For å rette seg etter artikkel 3 skal medlemsstatane syte for at det vert utarbeidd ei liste over utstyr som har eit PCB-innhald på over 5 dm³, og sende over til Kommissjonen eit samandrag av lista seinast tre år etter at dette direktivet er vedteke. Når det gjeld elektriske kondensatorar, skal grensa på 5 dm³ omfatte alle einskilddelane i ei eining med fleire kondensatorar.

2. Når det er god grunn til å gå ut frå at væskene i utstyr inneheld 0,05-0,005 vektprosent PCB, kan utstyret førast opp i ei liste utan dei opplysningane som krevst i nr. 3 tredje og fjerde strekpunktet, og det kan merkjast med «PCB-ureining < 0,05 %». Utstyret skal dekontaminerast eller disponerast i samsvar med artikkel 9 nr. 2.

3. Listene skal innehalde følgjande opplysningar:

- namnet og adressa til innehavaren,
- ein omtale av utstyret og opplysningar om kvar det er plassert,
- mengda av PCB som utstyret inneheld,
- datoen og metoden for den handsaminga eller utskiftinga som er utført eller planlagd,
- meldingsdatoen.

Dersom ein medlemsstat alt har utarbeidd ei liknande liste, krevst det ikkje noka ny. Listene skal ajourførast jamleg.

4. For å rette seg etter nr. 1 skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at innehavarane av slikt utstyr melder frå til dei rette styresmaktene om kor store mengder dei rår over, og om eventuelle endringar i mengdene.

5. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre merking av alt utstyr som skal førast opp i ei liste i samsvar med nr. 1. Ei liknande merking må òg vere å finne på dørene til lokale der det er plassert slikt utstyr.

6. Føretak som utfører disponering av PCB, skal føre eit register over kor store mengder PCB-avfall dei tek imot, kva opphav det har, kva type det er, og kor stor mengd PCB det inneheld. Desse opplysningane skal sendast over til dei rette styresmaktene. Registeret skal vere tilgjengeleg for dei lokale styresmaktene og for ålmenta. Disponeringsføretaka skal òg gje innehavarar som leverer inn PCB-avfall, ei kvittering der typen og mengda PCB-avfall går fram.

7. Medlemsstatane skal syte for at dei rette styresmaktene fører tilsyn med dei mengdene som dei får melding om.

Artikkel 5

1. Som unntak frå artikkel 3 i direktiv 75/442/EØF skal medlemsstatane forby utskiljing av PCB frå andre stoff med sikte på ombruk av PCB.

2. Medlemsstatane skal forby etterfylling av PCB i transformatorar.

3. Vedlikehaldet av transformatorar som inneheld PCB, kan halde fram inntil dei vert dekontaminerte, tekne ut av drift og/eller disponerte i samsvar med dette direktivet, berre dersom føremålet er å sikre at PCB-innhaldet deira stettar tekniske standardar eller spesifikasjonar for dielektrisk kvalitet, og berre dersom transformatorane er i god stand og tette.

Artikkel 6

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at PCB-avfall og utstyr med PCB-innhald som skal førast opp i ei liste i samsvar med artikkel 4 nr. 1, snarast mogleg vert overførde til føretak som er godkjende etter artikkel 8.

2. Før PCB, PCB-avfall og/eller utstyr som inneheld PCB, vert tekne over av eit godkjent føretak, skal alle dei førebyggjande tiltaka gjerast som er naudsynte for å unngå brannfare. Difor skal PCB haldast borte frå alle brannfarlege produkt.

3. Utstyr som inneheld PCB og ikkje skal førast opp i ei liste i samsvar med artikkel 4 nr. 1, og som er ein del av anna utstyr, skal, dersom det innanfor rimelege grenser lét seg gjere, fjernast og samlast inn særskilt når det sistnemnde utstyret vert teke ut av drift, attvunne eller disponert.

Artikkel 7

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å forby all forbrenning av PCB og/eller PCB-avfall om bord på skip.

Artikkel 8

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle føretak som arbeider med dekontaminering og/eller disponering av PCB, PCB-avfall og/eller utstyr som inneheld PCB, har løyve til det i samsvar med artikkel 9 i direktiv 75/442/EØF.

2. Når forbrenning vert nytta som disponeringsmetode, skal føresegnene i rådsdirektiv 94/67/EF av 16. desember 1994 om forbrenning av farlig avfall⁽¹⁾ nyttast. Andre metodar for disponering av PCB, PCB-avfall og/eller utstyr som inneheld PCB, kan tillatast på det vilkåret at dei -jamført med forbrenning -stettar tilsvarende miljøstandardar og dei tekniske standardane som vert rekna som dei beste teknikkane som ligg føre.

(1) TEF nr. L 365 av 31.12.1994, s. 34.

3. Medlemsstatane skal kvar for seg eller i fellesskap gjere dei tiltaka som er naudsynte med sikte på å utvikle, dersom det trengst, anlegg for disponering, dekontaminering og sikker lagring av PCB, PCB-avfall og/eller utstyr som inneheld PCB, og dei skal då ta omsyn til artikkel 4 nr. 3 bokstav a) ii) i forordning (EØF) nr. 259/93⁽¹⁾ og artikkel 5 nr. 1 i direktiv 75/442/EØF.

Artikkel 9

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at transformatorar som inneheld over 0,05 vektprosent PCB, vert dekontaminerte på følgjande vilkår:

- a) målet med dekontamineringa må vere å redusere PCB-innhaldet til under 0,05 vektprosent og, dersom det er mogleg, til høgst 0,005 vektprosent,
- b) utskiftingsvæska som ikkje inneheld PCB, må innebere langt mindre risiko,
- c) utskiftinga av væska må ikkje skape vanskar for den etterfølgjande disponeringa av PCB,
- d) etter at ein transformator er dekontaminert, må merkinga på han bytast ut med den merkinga som er oppført i vedlegget.

2. Som unntak frå artikkel 3 skal medlemsstatane sikre at transformatorar som inneheld væsker med 0,05-0,005 vektprosent PCB, anten vert dekontaminerte på dei vilkåra som er nemnde i nr. 1 bokstav b)-d), eller vert disponerte når levetida deira er slutt.

Artikkel 10

Kommisjonen, som skal følgje utvalsframgangsmåten i artikkel 18 i direktiv 75/442/EØF,

- a) skal fastsetje referansemåte for måling av PCB-innhaldet i ureina materiale. Målingar som er utførde før referansemåte er fastsette, skal framleis vere gyldige,
- b) kan fastsetje tekniske standardar for dei andre metode for disponering av PCB som er nemnde i artikkel 8 nr. 2 andre punktet,
- c) skal gjere tilgjengeleg ei liste over produktnamn på kondensatorar, motstandar og induktansspolar som inneheld PCB,
- d) skal om naudsynt fastsetje, berre for føremåla i artikkel 9 nr. 1 bokstav b) og c), andre mindre farlege stoff som PCB kan bytast ut med.

⁽¹⁾ TEF nr. L 30 av 6.2.1993, s. 1. Forordninga endra ved kommisjonsvedtak 94/721/EF (TEF nr. 288 av 9.11.1994, s. 36).

Artikkel 11

1. Innan tre år etter at dette direktivet er vedteke, skal medlemsstatane utarbeide

- ein plan for dekontaminering og/eller disponering av utstyr som er oppført i ei liste, og PCB-innhaldet i det,
- retningslinjer for innsamling og etterfølgjande disponering av utstyr som er nemnt i artikkel 6 nr. 3, og som ikkje skal førast opp i ei liste i samsvar med artikkel 4 nr. 1.

2. Medlemsstatane skal straks gje Kommisjonen melding om planen og retningslinjene.

Artikkel 12

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, seinast 18 månader etter at det er vedteke. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

2. Når desse føresegnene vert vedteke av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunnngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

3. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar. Kommisjonen skal melde frå til dei andre medlemsstatane om dette.

Artikkel 13

1. Dette direktivet tek til å gjelde den dagen då det vert vedteke, og direktiv 76/403/EØF vert oppheva frå denne dagen.

2. Frå den dagen som er nemnd i nr. 1,

- a) skal tilvisinga til «PCB/PCT som definert i direktiv 76/403/EØF» i artikkel 10 nr. 1 i direktiv 87/101/EØF⁽²⁾ forståast som ei tilvising til PCB slik det er definert i dette direktivet,
- b) skal tilvisinga til direktiv 76/403/EØF i artikkel 10 nr. 2 i direktiv 87/101/EØF forståast som ei tilvising til dette direktivet,
- c) skal tilvisinga til artikkel 6 i direktiv 76/403/EØF i artikkel 2 bokstav j) i forordning (EØF) nr. 259/93 forståast som ei tilvising til artikkel 8 i dette direktivet.

⁽²⁾ TEF nr. L 42 av 12.2.1987, s. 43.

Artikkel 14

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfærdi i Brussel, 16. september 1996.

For Rådet

I. YATES

Formann

VEDLEGG**Merking av dekontaminert utstyr som har innehalde PCB**

Kvar del av det dekontaminerte utstyret skal ha ei prega eller gravert merking som er tydeleg og ikkje kan slettast, og som inneheld følgjande opplysningar på språket til den staten der utstyret vert nytta:

**DEKONTAMINERT UTSTYR SOM HAR
INNEHALDE PCB**

Den PCB-haldige væska er bytt ut

- med (namnet på utskiftingsvæska)
- den (dato)
- av (føretak)

PCB-konsentrasjon

- i den utbytte væska:vektprosent
- i den nye væska: vektprosent